

Kyrkje posten

April 2022

Informasjonsblad for
Etne og Skånevik sogn

Veka som innehold alt

Kyrkjegarden i Skånevik

Bøn for Ukraina





Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:
Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70



Tilsette:

Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
kyrkjeverja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Per Hjemdal
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
41 12 65 49



Egil Larsen
Fung. sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Solveig Sørheim
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71

Skjær-torsdag

Skir er ordet, som kanskje gjennom ei reise via dansk har blitt til skjær. Skir betyr rein, og såleis tyder namnet "reine -torsdag". For ikkje berre vaska Jesus føtene til lærresveinane denne dagen, men i nattverden gjer han oss reine når han tilgjev syndene våre.

På engelsk heiter dagen "maundy Thursday", med referanse til det latinske ordet "mandate", som tyder bod. På denne dagen sa Jesus: Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elskar kvarandre. (Joh 13, 34) På tysk blir dagen kalla gründonnerstag, grøntorsdag, men det er truleg ei forvansking av "gereindonnerstag" – dvs. rein-torsdag, dvs skjærtorsdag! Skjær i skjærtorsdag møter vi også i skjærselden – den pinna som ifølgje katolsk tradisjon reinsar for synd før ein kan tre inn til den evige kvile. Denne læra finner ein ikkje truverdig støtte for i Bibelen, og difor har dei protestantiske kyrkjene avvist denne læra. Men skjærtorsdag har vi halde på, og vi feirar både dagen og gava Jesus gav oss i nattverden.



Forside: Gloria! Frå Soul church 13. mars 2022

Påsketankar

«*Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!*» Joh.14,1

Det er kanskje lett å sei, men å gjera det... Det er menneskeleg å bli redd og kjenne på uro. Og det er vel så at ingen av oss slepp unna ting som skaper uro. Og når ting vi ikkje har kontroll på bygger seg opp så kan kven som helst bli redde. Ofte er uroa heilt ugrunna. Det skumle gjekk over utan krise.


Nå har me hatt 2 år med pandemi og unntaks-tilstand. Det har vore masse frykt for kva pandemien ville føre med seg. Ute i verda har pandemien tatt livet av ganske mange millionar. Men det ser nå ut som om pandemien er på hell. Måtte det berre vera for godt! Dei som har vore sjuke med corona i det siste har hatt det forholdsvis mildt.

Men den eine bekymringa har blitt avløyst av den andre. Nå er det krigen i Europa som har blitt den store bekymring. Ingen tenkte at det kunne bli så ille, at eit europeisk land Ukraina skulle bli invadert og bomba så brutalt og nådeløyst som me har sett det skje, og alt er blitt bretta ut i alle vestlege media.

At flyktningstraumen frå Ukraina skulle bli så enorm, gjer vondt langt inni sjela og har framkalla mykje bønn og tårar om at krigen må ta slutt. Det har også skapt mykje bekymring og frykt for eskalering og noko mykke verre.

Kan orda over om ikkje å uroast ha nokon betydning for oss? Eller er dei heilt på jordet i den farlege situasjonen verda står overfor?

Det var Jesus som sa orda. Og hans venner og disiplar var svært bekymra for det som skulle skje den skjebnesvandre påsken. Dei var redde for at deira gode ven Jesus skulle døy, og dei var redde for sine eigne liv. Mykje stod på spill og dei kjente at alt rundt dei og tryggleiken var truga. Me forstår dei.



Men kva med oss?

Eg trur at orda og gjeld oss, uansett kor ille livet og det som skjer rundt oss blir. Tryggleik i trua på Jesus gjev mot når livet blir truga, sjølv om ein er redd. Dette motet og denne trua har me sett mye av i Ukraina under krigen, både hos landets leiar og i folket. Når alle kjente og elles trygge grunnvollar blir rokka, så er det likevel ein som står fast og ikkje kan rokkast. Det er Guds ord og hans trufaste.

Me veit kva som skjedde etter at Jesus sa desse orda. Han døydde til alle sin fortiling midt i jødane sin påskefeiring. Men det som ingen forventa skulle skje, nemleg at han stod opp i frå grava påskedag, forandra på alt. Det bytta om på forståing av tap og seier.

Herrens engel uttrykker det så enkelt som dette : «Han er ikkje her, han har stått opp!» Ingenting kan ta brodden frå denne bodskapen.

Orda som har blitt forkynt i 2000 år står og gjeld framleis. Dei skaper håp uansett kva som måtte skje.

Sokneprest Egil Larsen

Vedlikehald av kyrkjene våre

Dei siste åra har det blitt sett av midlar til vedlikehald av Noregs kyrkjer i statsbudsjettet. Me har fått invitasjonar frå Riksantikvaren til å søkja på ulike tiltak til dei ulike kyrkjene, og det har me gjort. Dette har ført til at me har fått starta på eit stort vedlikehaldsetterslep.

Riksantikvaren har dekka omlag 50% av kostnadane, resten har kommunen bidratt med. Dette er me takksame for, elles hadde det ikkje vore råd å gjennomført tiltaka.

I 2018 vart det gjort eit stort arbeid på Skånevik kyrkja. Kyrkja vart malt, og taket på tårnet vart tekta om.

Stødle kyrkje

Istandsetjing av taket starta hausten 2020. Her var det eit tydeleg vedlikehaldsbehov. Byggmeister Haakon Kvestad fekk oppdraget og utførte arbeidet.

Det vart montert stillas og tildekking «tak over tak», for å sikra ei trygg gjenomføring av prosjektet uavhengig av vær og vind, og spesielt sikra svært verdifull og uerstatteleg interiør.

Under presenninga på Stødle kyrkje.



4



Forsterking og stabilisering

Taket på sørssida på skipet, koret, og tårnutbygga vart omtekta. Det var noko råteskadar på konstruksjon og undertak som ein visste om på førehand, men ein kunne konstatera at i forhold til alder, så var det meste i god stand. Det som derimot var urovekkjande var at takkonstruksjonen var svekka etter fleire ombyggingar/endring av himling opp gjennom åra. Gjennom tett dialog med Riksantikvaren vart gode løysingar funne, og forsterking og stabilisering gjennomført.

Nødvendig utskifting og oppretting vart gjort, og det flotte skifertaket kom på plass att.

Bordkledning tårnet: Under arbeidet med restaurering av taket på kyrkja fann dei ein del råteskadar i kledninga. Spesielt vestveggen på tårnet er därleg.

Dette arbeidet skal utførast i 2022 av byggmeister Haakon Kvestad.



Istandsetting av taket på Stødle kyrkje.

Brannsikringa av Stødle kyrkje starta vinteren 2021. HH Fire Eater fekk tilslaget på prosjektet.

Det vart vurdert fleire typar sløkkjeanlegg, men til slutt fekk me godkjent eit sløkkjeanlegg med Inergen-gass. Fellesrådet var tydelege på at me ikkje ønska sprinklaranlegg, då vass-skadane etter ei eventuell aktivering vil bli svært omfattande i ei kyrkje med så mange uerstattelege verdiar.

Ved ei eventuell aktivering av sløkkjeanlegget, vil Inergen sløkkegass påførast utan negativ påverknad på personar eller materiell. Dette er ideelt for å verna dekorasjonar, maleri og anna verneverdig innreiing. Inergen-gass inneholder berre naturleg førekommande gassar som ikkje har noko innverknad på miljøet generelt.

Det er montert brannalarmanlegg med både innvendig og utvendig deteksjon, og direkte overføring til 110-sentralen.

Gjerde, Stødle og Grindheim kyrkjer.

Våren 2020 fekk me invitasjon til å søkja Riksantikvaren om tilskot til brannsikring av kulturhistorisk viktige kyrkjebygg, der Gjerde kyrkje var tatt med. Året etter var Stødle og Grindheim trekt ut til å kunna søkja om tilskot til utskifting av elektrisk anlegg.

Me har fått innvilga søknadane om tilskot, og prosjekta skal gjennomførast i løpet av 2022.

Arbeidet skal etter planen starta tidleg på sommaren i Gjerde kyrkje, Stødle og Grindheim skal takast seinsommar/haust. I alle desse 3 kyrkjene skal elektrisk anlegg og oppvarming skiftast ut. Kyrkjene vil bli stengt i periodane arbeidet i den enkelte kyrkja pågår.

Aud Jorunn Baustad, kyrkjeverje

Foto: Haakon Kvestad

Veka som inneheld alt

Vel overstått påske, sa ein til meg i butikken eit år. Han visste nok det hadde vore travelt for presten. Og slik var det vel.

Likevel er den travle påskeveka framfor Herrens altar og på prekestolen noko av det eg har sakna mest som pensjonist. Å leva så tett innpå heile denne veka som inneheld alt.

Palmesøndag, når Jesus vel eselet for å ri på inn til påskefesten i Jerusalem. Ikkje tilfeldig, sidan det no var det som var ledig, men medvite, for å tenna Messiasforventinga folket bar på. Han visste dei kunne profeten Sakarja sine ord: Sjå kongen din kjem til deg, ridande på eit esel.

Han tolkar på eselryggen livet sitt for dei som dei siste åra har opplevd hans ord og under. Det er eg, seier han utan å seia eit ord. Dei forstår, og hyllar han med palmegreiner og jubel.

I gudstenesta får me også på eit vis stå ved den vegen og bli med i gleda. Men og kjenna på den første murrande undertonen av hat og fiendskap som reiser seg mellom dei mektige, og etterkvart overtek arenaen.

Sjølv om – endå skal gleda og freden prega veka, når me kjem til dagen med det vakre namnet Skjærtorsdag. Torsdagen som gjer oss reine, skirar oss. Me får vera med inn på salen der Jesus bøyar seg ned, og til store protester frå Peter vaskar venene sine føter. Ei vanskeleg lekse, som viser at Herren deira ikkje vil tenast, men vera ein tenar og etterkvart gi livet for dei.

Og så held dei måltid, det gamle påskemåltidet, som denne gongen går vidare til å bli noko heilt nytt, når Jesus sjølv i nattverdens brød og vin blir Lammet dei får ta imot.

Også det gav han vidare til oss: «Gjer dette til minne om meg.»



Skjærtorsdagskveldens nattverd kan kjennast vanskeleg for mange, sidan ingen av oss heilt forstår det djupe mysteriet der han kjem til oss slik. Liksom Gud blei fødd og lagt i ei krubbe julenatt, kjem han no til oss gjennom åkerens frukter i brød og vin. Han er nær oss her, og ber oss alle ta imot han i det me ikkje forstår.

Det er når me går frå gudstenesta denne kvelden at det store alvoret grip oss. Jesus gjekk ut frå nattverdsalen og inn i si mørkaste natt.

Først til bøna i Getsemanehagen, der dei fangar han.

Så til forhøyret hos Pilatus som veit han er uskuldig men dømer likevel.

Vidare spotten, slaga, tornekransen og Via Dolorosa med krossen på ryggen, opp til Golgatahaugen der dei spikrar han opp.. Og så døyr han.



På den dagen me kallar Langfredag, og britane Good Friday. Fordi denne dagen er begge deler. Lidinga er grusom, men meiningsfull. Den var hans oppdrag.
Krossen lyser.



Me er desse dagane vitne til hyllinga og jubelen som tapte mot intrigane, hatet og løgnene, sadismen og det feige justismordet. Alle svikta han. Leiarane og folket, okkupasjonsmakta, og verst av alt. Dei næraaste venene. Han var heilt aleine der oppe. Det såg ut til å gå ganske ille.

Men etter det svarte tomrommet påske-afta og påskennatt, går sola opp på den dagen som gjorde livet på jorda nytt.

Påskedagen kom rett nok brått på for venene hans den gongen. Sollyset hadde mykje morgontåke å jaga vekk. Det ser me tydeleg på 2. Påskedag, i forteljinga om venene som vandrar heim frå Jerusalem til Emmaus og blir gåande attmed den oppstadne på vegen, utan å kjenna han, før dei bed han inn og sit ved bordet heime. Det tok si tid for dei og, slik det kan gjera for oss.

Etterkvart blei Påskedagen kyrkja sin store dag, som ber heile året, let oss leva med håp, på ei jord med ei tom grav og ein oppstaden Jesus - og syngja:

«Som den gyldne sol frembryter gjennom den kullsorte sky og sin stråleglans utskyter, så at mørk og mulm må fly, så min Jesus av sin grav og det dype dødens hav oppstod ærefull av døde imot påskemorgenrøde.»

Det er påskesola. Den går langt utanpå allverdens sol over kvite vidder og gir meg, om ikkje nett brunfarge, så ei djup glede.

God påske!

Harald Grønnevik



Gravplassutviding i Skånevik



Arbeidet med utviding av gravplassen i Skånevik i gang.

Det er planlagt eit nytt felt for kister aust for kyrkja, og eit felt med urnegraver i namna minnelund langs nordsida av kyrkja. Felta skal rammast fint inn med natursteinsmur.

Det er til saman planlagt 120 kistegraver og 312 urnegraver.

Arealet rundt kyrkja skal opprustast og det skal lagast ny rullestolrampe.

Aud Jorunn Baustad, kyrkjerverje



Velkommen Linda!

Kyrkjeposten møter ei blid og imøtekommende dame på kyrketorget til intervju.

Det er vår nye kyrkjegardsarbeidar, Linda Horne Hjelmtveit, me møter.

Ho tredde inn i denne 100% stillinga 1.mars i år, og overtar etter Bjørn Stødle, som nå har slutta.

Linda bur på Håland, og er gift med Torgeir. Dei har fire guitar på 2,4,5 og 11 år. Ho har og ein lidenskap for hundar, - og då spesielt å trena border colliar til å bli gode gjetarhundar. Me forstår at daga-ne er travle.

Ho er jordbruksutdanna og har hatt ulike jobbar fram til nå. Nå gleder ho seg til å ta fatt på denne viktige, og for henne heilt nye jobben. Ho gler seg til å møta menneske i ulike livssituasjonar, til å praktisera ting ho har lært gjennom utdanninga si, til å arbeida mykje ute, og til å ha ein sjølvstendig jobb der ho må finna løysingar og vera kreativ.

Ho har mange, og svært varierande arbeidsoppgåver. Det er ikkje berre kyrkjegardane ho skal halda fine. Nei, ho skal også vaska og støvsuga kyrkjene etter bruk, driva førefallande vedlikehaldsarbeid både ute og inne, vera kyrkjetenar ved gravferder, utføra brannkontrollar i kyrkjene, og mykje, mykje anna arbeid



som ikkje er så lett for folk flest å legga merke til.

Me er glade for at Linda har takka ja til stilling som kyrkjegardsarbeidar, og er sikre på at ho vil gjera ein solid jobb for kyrkjene i Etne og Skånevik, og me ynskjer henne alt godt og lykke til.

Reidun Solberg Sande

Kyrkjeposten treng støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

**Velkommen innom for
ein god handel!**

Livets gang

ETNE

Døypte

2021

19.12. - Hanna Grindheim

2022

09.01. - Odin Heggelund

23.01. - Emma Reinertsen

12.02. - Lennard Born

20.02. - Maja Ask Halleland

Gravlagde/bisette

2021

03.12. - John Henry Kjærnli

06.12. - Lars Lilledalen

17.12. - Helmert Littlehamar

21.12. - Audun Tjelmeland

2022

12.23. - Nils Haugen

11.01. - Egil Tvinnereim

22.02. - Ivar Emil Fredriksen

10.03. - Jon Olav Tesdal

15.03. - Kari Svendsen

17.03. - Kåre Emil Træet



HÅP

Biletet er tatt i juni 2019. Nokre år tidlegare var det ein stor granskog her. Så blei trea felt. Kyrkja kom til syne. Lyset slapp til og frø av revebjelle fekk gode vekstvilkår. På sommaren er det no eit vell av revebjøller.

Eg synes desse blomane er ei fin ramme rundt kyrkja som er så viktig for meg. I kyrkja kan eg kome med mi glede, sorg, sinne og undring. I møte med ein om-sorgsfull Gud kan eg finne håp og nytt mot.



Livets gang

SKÅNEVIK

Gravlagde/bisette

2021

07.12. - Trond Rune Tungesvik

2022

13.01. - Sigrun Marit Skålnes

01.03. - Aud Langhelle

For meg blir grantrea som er borte eit bilete av pandemien som har ført til endringar i kyrkjelydsarbeidet. No undrar eg meg over kva frø me vil så og kva som skal vekst opp.

Ettertanke: Eg kan velge å sjå på stubben som står att etter grantrea. Dei står der og blir meir rotne for kvart år. Nei, eg vel å vere på leit etter nye spire og gle meg over ny fargeprakt.

Helsing
Astrid (Askeland Johnsen)

Klubb i Skånevik



*Hedda Matre Funderud, Marta Majer og Vilde Johansen
Winterthun har lage fuglehus på klubb*

Det er fredag og tid for klubb på bedehuset igjen! Det vil sei, i dag samlast me på skulen for me skal snikra fuglehus!

Denne våren har det komme eit nytt tilbod for borna i Skånevik: Klubb på bedehuset for 4.-6. klasse!

Me har lenge vanta eit tilbod i bygda for dei som etterkvart er for store for Tripp-trapp, og i år vart det endeleg noko av!

Annankvar fredag sidan januar har me derfor opna bedehuset for kveldshygge.

Me startar med ei samling der me får høre bibelhistorier og kloke ord frå klokke folk. Etterpå er det hobbyaktivitetar og matlagning og anna gøy, og til slutt deler me eit hyggeleg måltid saman.

I kveld har elleve born funne vegen til skulen for å vera med på klubb.

Aud Karin fortel om fuglane på himmelen og blomane på marka som Gud tek seg av, før Magne tek oss med på sløydsalen og viser korleis ein skal spikre saman eit fuglehus.

Borna jobbar konsentrert og nøye, og får god hjelp av mange vaksne. Etterpå har tre flittige gutter laga pizza til oss.

Rundt bordet sit mange fornøgde, glade og ivrige born og et.

Eg spør korleis det er å vera med på klubb. Dei er einige om at det er kjekt med noko som skjer, gøy å treffa kvarandre utanom skuletida, og her får ein også vera meir saman med venner i andre klassar. Og dei får god mat, seier dei. «Pizzaen var god, men mamma sin er best».

Silje Malene Garvik

Ønskjer din bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?

Ta kontakt med kyrkjekontoret!

Takk for jobben, Bjørn!

Etter ti år takkar kyrkjegardsarbeidar Bjørn Stødle for seg. Gjennom travle sommarmånader har han heldt gravplassane våre vakre, og elles har nok flest møtt han i gravferd, der han både har vore kyrkjetenar og gravar.

Gravinga kjem til å halde fram, men elles tar han farvel med kyrkja som arbeidsplass.

Det er ein gard som krev meir tilsyn enn det han har hatt tid til når han også var kyrkjegardsarbeidar, som er årsaka til at Bjørn no gjev seg. For hjartet er stort for å drive garden han er oppvachsen på, skikkeleg. Det let seg vanskeleg kombinere med 100 % stilling utanom.

Likevel er det å drive gard ikkje nok arbeid, så Bjørn vil leige seg ut som entreprenør i tillegg. Det gjer mellom anna at vi framleis vil sjå han i sving på kyrkje-



Bjørn Stødle blir takka av soknerådsleiar Anne Jorunn Lindevik og Aud Jorunn Baustad

garden, når han er innleigd for å grave.

Vi ønsker Bjørn Stødle lukke til i dagane som kjem!

Per Hjemdal

Strikkekafé

Strikkekafeen er i gang igjen for fullt!

Ein gong i månaden samlast strikkeglade damer (menn er også velkomne) til strikkekafé på kyrkjetorget i Etne kyrkje. Det har vore mykje fram og tilbake i corona-tida, men nå kan me heldigvis ha våre regelmessige samlingar.

Hovudføremålet er å samlast til ei kjekk stund ilag. Me drøser, drikk kaffi med noko attåt, strikker og har forskjellige småting på programmet,-



som dikt, høgtlesing og ei avslutnings-song på TV-skjermen.

Så har det vorte ei viktig sak å strikka lappar til babyullteppe som skal sendast til fødeavdelinga på sjukehuset i Okhaldhunga i Nepal. Nokre strikker lappar, andre monterer og etter andre leverer ferdige tepper. Nå er me snart klare for vår første sending, og me er stolte av å kunna visa kva me har produsert. Til å betala portoen, hadde me ei utlodning før jul som gav 800 kroner.

Det er plass til fleire på strikkekafé. Du kan vera med på prosjektet, eller strikka på dine eigne ting.

Uansett: Alle er velkomne til å vera med på koselege kveldar på kyrkjetorget!

Reidun Solberg Sande



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto





Gudstenestekalender

10. april	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
14. april	19.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
15. april	11.00	Grindheim	Gudsteneste	Egil Larsen
	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
16. april	23.00	Stødle	Gudsteneste	Per Hjemdal
17. april	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
18. april	11.00	Fjæra	Gudsteneste	Egil Larsen
24. april	18.00	Etne	Samtalegudsteneste	Per Hjemdal
01. mai	18.00	Skånevik	Samtalegudsteneste	Egil Larsen
07. mai	11.00	Etne	Konfirmasjon	Per Hjemdal
08. mai	11.00	Skånevik	Konfirmasjon	Egil Larsen
14. mai	11.00	Etne	Konfirmasjon	Per Hjemdal
17. mai	11.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
22. mai	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Per Hjemdal
26. mai	11.00	Gjerde	Gudsteneste	Egil Larsen
29. mai	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
05. juni	11.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Vikar
	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
12. juni	11.00	Etne	Friluftsgudsteneste	Per Hjemdal
19. juni	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
	17.00	Frette	Gudsteneste	Egil Larsen

Kyrkjeposten rettar: I førre nummer kom det feil namn på dei som skreiv om konfirmantweekend. Rett namn skal vera Lone Sørheim og Monica Sørheim.


Ukraina

På eit møte i det religiøse rådet i Ukraina løfta den leiande jødiske rabbinar opp Bibelen sin Salme 31 som ein felles bønesalme for folket i ein trugande situasjonen.

Salmen blei på kort tid brukt både i synagogane og i dei kristne kyrkjene.

No er dette ei bøn som blir bedt av millionar av menneske i Ukraina kvar dag.

Også vi blir invitert inn i denne bøna.



Herre,
eg søker tilflukt hos deg,
lat meg aldri bli til skamme!
Fri meg ut i di rettferd!

Vend øyret til meg,
skund deg og rekk meg!
Ver meg eit vern og eit berg,
ei borg til frelse!

Du er mitt fjell og mi borg;
for ditt namn skuld fører og leier du meg.

Løys meg or garnet dei har spent ut for
meg! For du er mi tilflukt.

I dine hender gjev eg mi ånd,
du løyser meg ut,
Herre, du trufaste Gud.

Eg hatar dei som held seg til vind
og fåfengd.

Sjølv set eg mi lit til Herren.

Eg vil jubla av glede over di miskunn
fordi du har sett mi naud,
du kjenner mi trengsl.

Du gav meg ikkje over i handa til fienden,
men førte meg ut i ope land.

Ver meg nådig, Herre, for eg er i naud.